



Barken STATSRAAD LEHMKUHL sig godt og passerer den svenske ATENE ved Korsneset.

Venskapsetappen til The Tall Ships Races går frå Fredrikstad til Bergen med nokre utvalde hamner under vegs. Rosendal har vore og er ei såkalla Cruise in Company hamn. Fem staseleg seglskuter har så langt passert Uskedalen og går til kai i Rosendal for kvelden og natta. Sundag må alle dei påmelde fartya vera klar for innsegling til Bergen.

I sju døger kan du knyta livslange venskapsband med andre medseglarar på turen langs kysten. Cruise in etappen er ikkje konkurranse. Det sentrale er venskap, segling og samhald. På seglasen får alle vera mannskap med dei plikter som føl med å vera på eit seglfarty. På desse dagane kan du gå i riggen, om du er trygg på det, gå vakter, stå til rors og vera på utkikk akter eller på bakken.



[For fulle segl i Storsund i dag, på seglas mot Rosendal.](#)

Steinar Kroka har fotografert STATSRAAD LEHMKUHL for motor i det den passerer den svenske ATENE. STATSRAADEN kjenner vi godt frå før i Storsund. ATHENE, bygd i 1909, har heimehemn i Skarholm, er 24 meter lang og riggen har ei høgd på 21 meter.



[STATSRAAD LEHMKUHL](#) i Storsund, frå ein annan vinkel enn vi er vane med å sjå den. Rød i bakgrunnen. POTORIA er polsk, frå Gdynia, bygd så seint som i 1980, 41 meter lang og 33 meter høg.

Ei lita dansk skute, KLITTA, frå 1987 er berre 13 meter lang. Skuta er komen i hamn i Rosendal.

Skonnerten JYLLAND går opp Bømlafjorden i skrivande stund. Det er uvisst om JYLLAND legg tuen innom Kvinnherad. På seglasen mot Bergen er Leirvik (Stord) og Bekkjarvik også aktuelle hamner.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/Steinar Kroka/ Arne Leite



ATENE, svensk farty bygd i 1909 og med heimehamn i Skarholm.